

Fylkeskommunane sin styrerepresentasjon i Fjord Norge AS

Bakgrunn

På møte i Vestlandsrådet 18. februar 2016 blei det gjort ein presentasjon av Fjord Norge AS v/dagleg leiar Kristian Jørgensen og styreleiar Terje Devold. Presentasjonen gjorde greie for selskapet sine oppgåver og resultat over dei siste åra, samt planar for aktivitet i kommande periode.

Det blei også lagt fram ei orienteringssak (VR sak 01/16) som gjorde greie for den historiske bakgrunnen for reiselivsstrukturen i Noreg, eigarskapsmodellen i Fjord Norge AS og tilskota til selskapet frå dei fire fylkeskommunane for 2016. I diskusjonen bad Vestlandsrådet om ei ny sak om praksis i fylka når det gjeld styrerepresentasjon. Det blei reist spørsmål om dagens praksis er den beste.

Eigarforhold og styrerepresentasjon

Med ein eigar-del på 8,9 % enkeltvis er dei fire fylka blant dei største eigarane kvar for seg, og samla er dei den største eigaren med 35,6 %. Bergen Reiselivslag er største enkelte eigar med 11,3 %. 13 andre eigarar har mellom 1 og 2,4 % kvar av aksjane medan resterande aksjar er fordelt på eit høgt tal eigarar. Fylkeskommunane på Vestlandet har ein representant kvar i Fjord Norge AS sitt styre. Praksis i fylka har vore at det er styrerepresentanten til Fjord Norge AS er på regionalsjefnivå, men andre løysingar har også vore vald.

Styret i Fjord Norge AS er i dag sett saman slik:

Styreleiar:	Terje Devold
Styremedlem:	Ole Warberg (Bergen Reiselivslag, Hordaland)
	Elisabeth Saupstad (Region Stavanger, Rogaland)
	Erik Berg (Møre og Romsdal)
	Elizabeth Bakken (Hotel Alexandra, Sogn og Fjordane)
	Ragna Brenne Bjerkeset for Frank Madsøy (assisterande regional- og næringssjef i Møre og Romsdal fylkeskommune) – observatør
	Jan Heggheim (fylkesdirektør for næring og kultur, Sogn og Fjordane fylkeskommune)
	Hilde-Gunn Bjelde (representerer Rogaland fylkeskommune)
	Jan Per Styve (representerer Hordaland fylkeskommune)

På val i 2016:	
Erik Berg, Møre og Romsdal	Vert vald av aksjonærane
Elisabeth Saupstad, Rogaland	Vert vald av aksjonærane
Ole Warberg, Hordaland	Vert vald av aksjonærane
Frank Madsøy, Møre og Romsdal	Skal utpeikast av Møre og Romsdal fylkeskommune
Jan Heggheim, Sogn og Fjordane	Skal utpeikast av Sogn og Fjordane fylkeskommune
Jan Per Styve, Hordaland	Skal utpeikast av Hordaland fylkeskommune

Tilskot frå fylka til Fjord Norge AS 2016

I juni 2015 starta fylkeskommunane arbeidet med å utarbeide ei ny felles avtale mellom dei fire fylka og selskapet, som kunne erstatte den eksisterande rammeavtala og samarbeidsavtalane. Vedtaka frå dei fire fylkeskommunane er attgjeve i sak VR 01/16 og viser at tilskota er henta delvis frå fylkesbudsjett og delvis frå andre postar i dei fire fylka. På bakgrunn av erfaringar frå andre

landsdelar, der det er blitt usemje om tilskotet frå fylkeskommunen til landsdelselskapet skal sjåast som kjøp av tenester eller tilskot. Det er henta inn ei juridisk vurdering av avtale mellom fylka og Fjord Norge AS i høve til same problemstilling. Næringskollegiet vil diskutere dette saman i veke 20 og det kan være nødvendig å gjere justeringar for å sikre og synleggjere at tilskotet frå fylkeskommunane ikkje blir nytta til økonomisk aktivitet som kan være i strid med EU si lov om fri konkurranse. Fjord Norge AS vil leggje fram forslag til endringar i vedtektene på årets generalforsamling 31. mai 2016. Endringane slår fast at selskapet ikkje har erverv som føremål, og at det ikkje skal betalast ut utbytte til aksjonærene.

Styrerepresentasjon frå fylka i Fjord Norge AS

Det er tidlegare stilt spørsmål i høve til om det er formålstenleg at administrasjonen i fylka blir ugild når tildelingane til Fjord Norge AS skal fordelast. Det er i varierende grad problematisk for sakshandsamar i dei ulike fylkeskommunane at leiar er ugild også i høve til spørsmål knytt til aktiviteten i Fjord Norge AS som måtte oppstå utanfor budsjettforhandlingar. Fleire av fylka har som prinsipp at fylkeskommunen skal være representert i styret der ein har eigarinteresser. For alle fylka er det av interesse å ha ein tett dialog opp mot styret i Fjord Norge AS og det er viktig at fylket sin valde representant kan ivareta fylkeskommunen sine interesser samstundes som aksjeselskapet Fjord Norge sine interesser blir ivareteke av styret. I tidlegare år var det praksis i fleire av fylka at styrerepresentanten vart henta frå reiselivsnæringa i det gjeldande fylke. Skiftet til administrativ representasjon førte til mindre avstand mellom Fjord Norge AS og fylket som ein viktig finansiell bidragsytar til selskapet. Samstundes er reiselivsnæringa si evne til å påverke Fjord Norge AS i styresamanheng blitt svekka. Den faglege reiselivskompetansen i styret vil også være underordna fylkeskommunal tilknytning.

I utgangspunktet var praksis slik at regionalsjef/direktør frå fylka var styrerepresentant. I dag er det ulik praksis i dei fire fylka. Ein kan vurdere om det er relevant for fylka å ha lik praksis på dette området. I høve til budsjett og tildelingar til Fjord Norge AS er det Næringsssjefskollegiet i fylkeskommunane som saman lagar framlegg til felles avtale og sams nivå på tilskot. I dette forumet er det ein føresetnad at dialogen ikkje blir hindra av interessekonflikt.

Kommunikasjonen i næringsgruppa og styret

Proessen knytt til utarbeiding av ny avtale for 2016 viser at det er ynskjeleg med ei klargjering av roller og linjer for kommunikasjon mellom eigar og selskap, også internt i fylkeskommunane. Det bør utarbeidast klare rettelinjer for korleis næringsgruppa skal kommunisere med styret i selskapet. Det er fleire døme på at kommunikasjonen mellom næringskollegiet og styret med fordel kunne vore skriftleg.

Rollefordeling i Fjord Norge styret i dag

Det er ni plassar i styret i Fjord Norge AS i dag, og sedvane har vore at det er to representantar frå kvart fylke. Vedtektene i selskapet seier ikkje noko om korleis styrerepresentantane skal vere samansett fordelt på bransje eller personleg kompetanse. Det er ofte vanleg i reiselivssamanheng at fagleg kompetanse vert fordelt på hotell, transport, turoperasjon (distribusjon) og oppleving, og at ein søker å setje saman panel som dekkjer desse særskilte næringane. Andre omsyn er styret sin samla kompetanse på til dømes juridisk, økonomisk og fagleg leveranse til selskapets beste.

Valkomiteen er sett saman av fire personar frå dei fire fylka, som kvar har ansvar for å bringe inn ein person frå kvart fylke.

Det er ikkje gjennomført eigen- eller ekstern evaluering av styrets arbeid ut over det som vert presentert i selskapet sin årsrapport som vert lagt fram for generalforsamlinga.

Tydeleggjing av fylkeskommunane på Vestlandet i styret i Fjord Norge AS

Det er tilrådeleg å vurdere korleis fylkeskommunane forvaltar sine eigarinteresser i Fjord Norge AS gjennom styret sitt arbeid. Spesielt bør ein vurdere desse punkta:

- Rolla som tilskotsgjevar og styremedlem – habilitet
- Struktur for kommunikasjon mellom administrasjonen og styret i Fjord Norge AS
- Ei avklaring av i kva grad det er avgjerande at dei fire fylka har same praksis for styredeltaking i Fjord Norge AS